



DEN NORSKE KYRKJA
Gol Kyrkjeleg Fellestråd

Sak 33/14: BUDSJETTFORSLAG 2015

Saksdokument:

Arkiv: 112

1. Budsjettdirektiv frå økonomisjef og rådmann i Gol kommune
2. Budsjettforslag drift Gol kyrkjeleg fellestråd for 2015

Dokument 2 ligg ved saka.

Saksopplysningar:

I budsjettdirektivet frå kommunen er det lagt opp til 3,5% lønsauke frå 01.06.2015 og 2,5% prisvekst på driftspostane. I samarbeid med økonomisjefen i kommunen, er lønsbudsjettet lagt opp med reelle lønningar for kvar person utifrå tal i det nye lønsoppgjæret. Denne gongen ligg det også føre reelle tal frå forhandlingane frå 1. mai 2015. Det vil seia at lønsbudsjettet er sett opp med dei nye lønningane i tariffoppgjæret for 4 mnd (tom april) og nye satsar frå mai 2015 for 8 mnd.

For vikarpostar er det lagt på 3,5% tillegg.

I tillegg til vanleg lønsauke er laurdags- og søndagstillegget auka frå 40 kr/t til 50kr/t. Dette er det teke høgde for i budsjettforslaget.

Pensjonskostandane har auka og har vore litt underbudsjettert siste åra. I samråd med økonomisjefen er prosenten for pensjon sett til 15% i årets budsjett.

Det er lagt inn dei stillingsheimlane som fellestrådet har. Siste året har 30% sekretær stått vakant i tillegg til at kyrkjeverjestillinga har hatt 10% permisjon som har stått vakant. Tal for denne vakansen blir synleggjort under punktet om økonomi.

Frå 1. august 2014 fekk fellestrådet i Gol arbeidsgjevaransvaret for heile trusopplærarstilling på 100% som dekker både Gol (60%) og Hemsedal (40%). Desse lønsutgiftene er lagt til i lønsbudsjettet under tenesteområde 44 og tilsvarende inntekter i post 17400 refusjon frå andre fellestråd. Denne inntekstposten inneheld også refusjon frå dei andre fellestråda i Hallingdal for utgifter i samband med nattcupen for konfirmantane.

Posten for møtegodtgjering er auka meir enn lønsauken på grunn av at det er valgår. Det er lagt inn tilsvarende auka i statstilskotet.

2,5% prisauke for driftspostane frå art 11000-13000 utgjer 36 300 kr.

Dette er brukt til å auka følgjande postar:

11101 Konfirmantopplæring	10 000 kr
11105 Matvarer	1 000 kr
11202 Kontingentar	7 000 kr
11400 Annonsering	12 500 kr (veit vi får stillingsannonser i 2015)
11800 Energi	3 000 kr (prisauken)
11950 Avgifter, gebyr, lisens	<u>3 000 kr</u>
	<u>36 500 kr</u>

Postane er auka på bakgrunn av forbruk og budsjettjustering i 2014.

I budsjettdirektivet er det lagt opp til 4% auka i inntekter. Festeavgifta vart auka frå 2012 med 50%. Det har vore vanleg å auka denne ca kvart 4. år. Andre gebyr for tenester vart auka frå 2013 med 10-50% auka på dei ulike satsane. Med så stor auka kan ein ikkje auka satsane kvart år.

Festeavgifta er lagt inn med antal fester som forfell i 2015. Dette vil vera noko variabelt frå år til år.

Usikre moment

Statstilskotet (tilskot til diakonstilling og trusopplæring) er auka med 2,5 % prisauke, men vi har ingen garanti for at det skjer.

Det ligg på høyring ei offentleg utgreiing (Lik og likskap) som legg opp til store endringar i gravferdsverksemda. Dersom alle forslag der blir vedtekne, står fellestrådet overfor store endringar på inntekstsida både med store reduksjonar på festeavgifta og ingen betaling for utanbygdse gravferder. I tillegg vil mykje av transportutgifter som nå vert dekkja via NAV, bli overført til fellestrådet. Det er lagt opp til at kommunane skal få større overførningar for å dekke desse utgiftene, men dette har vi ingen garanti for.

Økonomi:

Eventuelt 30% vakant sekretærstilling vil gje ei innsparing i 2015 på 147 500 kr inkl sosiale avgifter. Fortsatt 10% reduksjon i kyrkjevevjestillinga vil gje ei innsparing på 67 000 kr inkl sosial avgifter.

Vurdering:

I 2014 har fellestrådet 40% stilling i vakanse på administrasjonen. Dette merkast etter kvart på at det er oppgåver som blir må vente eller ikkje blir gjort. Ekspedisjonstida på kontoret er redusert til 4 dagar i veka og nokon oppgåver kan bli liggande over tid. Det er likevel til å leva med for ei periode. Det har vore ein del nedskjeringar på budsjettet siste åra og på driftspostane er det lite å hente av vidare innsparingar.

Inntekstsida er den som er mest usikker og det ligg mange endringar på struktur i kyrkja og ikkje minst på gravferdsarbeidet som gjer både tal og eventuelt tidspunkt for endringar usikkert.

I 2013 hadde leiar i fellestrådet og kyrkjevevja eit møte med formannskapet for å drøfte arbeidet og utfordringane fellestrådet har. Kyrkjevevja ynskjer eit årleg møte mellom formannskap og fellestråd eller deler av fellestrådet og vil gjerne foreslå at dette kan fortsetja.

Ny hellegang ved Gol kyrkje vart skrinlagt i 2014 grunna berre eit anbod som låg langt over budsjettet. Det er ei utfordring å koma i mål med finansieringa for dette prosjektet slik at det kan lysast ut att på anbod utpå vinteren.

Forslag til vedtak:

1. Budsjettforslag for 2015 med ei total kostnadsramme på 5 778 500 kr vert vedteke og sendt Gol kommune i samband med budsjettarbeid for kommunen.
2. Det vert søkt kommunen om eit tilskot på 4 321 500 kr til drift.
3. Fellestrådet ynskjer eit møte med formannskapet i budsjettprosessen der både framtidige utfordringar og utfordring med fullfinansiering av ny hellegang ved Gol kyrkje kan drøftast.

Gol kyrkjeleg fellestråd i møte 26.08.2014

VEDTAK :

1. Budsjettforslag for 2015 med ei total kostnadsramme på 5 778 500 kr vert vedteke og sendt Gol kommune i samband med budsjettarbeid for kommunen.
2. Det vert søkt kommunen om eit tilskot på 4 321 500 kr til drift.
3. Fellestrådet ynskjer eit møte med formannskapet i budsjettprosessen der både framtidige utfordringar og utfordring med fullfinansiering av ny hellegang ved Gol kyrkje kan drøftast.

Vedlegg: Rekneark budsjettforslag 2015

Utskrift: Gol kommune

Budsjettforslag 2015								
	Kontonavn:	41,krk.admin	42,kyrkjer	43, kyrkjegard	44, andre krk.f	Totalt 2015	B 2014 inkl red	R ekneskap 2013
16000	Brukarbet. ved k.ten.(bryllup, gravferd)	0	-25 000	-11 000	0	-36000	-35 000	-49 137
16100	Betaling frå deltakerar (leir, natt-cup)	0	0	0	-44 000	-44000	-40 000	-39 350
16209	Billettinntekter	0	-5 000		0	-5000	-5 000	-10 750
16300	Festeavgift	0	0	-80 000	0	-80000	-84 000	-76 600
16301	Utleige av kyrkja	0	-5000	0	0	-5000	-5 000	-4 000
16500	Sal av varer og teneste m/mva	0	0	-80 000	0	-80000	-80 000	-83 678
17009	Refusjon fra staten, lønn (NAV)	0	0	0	0	0	0	0
17100	Sjukelønnsrefusjon	0	0	0	0	0	0	-1 878
17400	Refusjon frå andre fellestråd	0	0	0	-227 000	-227000	0	-10 828
17700	Refusjon fra andre, kremasjonsutg.	0	0	-30 000	0	-30000	-33 900	-27 250
17900	Motpost kalkulatorisk tenesteyting	-300000	0	0	0	-300000	-300 000	-300 000
18000	Statstilskot	0	0	0	-545 000	-545 000	-517 000	-286 293
18300	Tilskot frå kommunen	-4 321 500	0	0	0	-4 321 500	-3 968 000	-3 977 540
18407	Gaver/ofringer med mer	0	0	0	0	0	-65 000	-93 069
18600	Innsamla til eiga verksemd	0	0	0	-73 000	-73 000	0	-325
18700	Tilskudd/gaver frå andre	0	0	0	-7 000	-7 000	0	-115 850
19000	Renteinntekter	-25 000	0	0	0	-25 000	-30 000	-26 048
	Sum inntekter	-4 646 500	-35 000	-201 000	-896 000	-5 778 500	-5 162 900	
10100	Løn, månadslønne	840 000	625 000	391 000	907 500	2 763 500	2 362 400	2 196 806
10101	Løn, timelønne (klokkar, reinhaldar)	0	26 000	0	0	26000	24 800	14 644
10105	Kveld-/laurdag-/søndagstillegg	0	42 000	0	15500	57500	51 300	41 878
10200	Løn, vikar	0	33 800	54 700	0	88500	84 300	78 675
10300	Løn ekstrahjelp	0	0	38 000	0	38000	37 000	
10400	Overtid- helgetillegg	0	43 000	0	0	43000	40 800	52 219
10501	Skattepliktig telefongodtgjersle	8000	0	0	0	8000	8 000	5 480
10600	Honorar	0	12500	0	0	12 500	12 000	12 500
10800	Godtgjersle folkevalde	0	0	0	112 000	112000	97 000	74 840
10900	Pensjonspremie (KLP)	126 000	114 000	72 600	138 400	451 000	364 400	323 461
10902	Pensjonsforsikring	10 000				10 000	0	9 243
10990	Arbeidsgjevaravgift	102 400	92 500	59 000	112 500	366 400	311 400	297 913
11000	Kontormatriell	10 000	3 000	3 000	3 000	19 000	19 000	18 743
11005	Undervisningsmateriell, trusopplæ.	0	0	0	29 000	29 000	29 000	14 870
11100	Biblar brudepar	0	6 000	0	0	6 000	6 000	5 051
11101	Konfirmantopplæring	0	0	0	70 000	70 000	60 000	74 396
11102	Honorar, arrangement i kyrkja	5 000	20 000	0	10 000	35 000	35 000	46 951
11105	Matvarer	3 000	0	0	19 000	22 000	21 000	20 745

11107	Kremasjonsavgift	0	0	30000	0	30 000	33 900	27 250
11200	Annet forbr.matr.	5 000	15 500	15 000	15 000	50 500	50 500	87 859
11201	Gitte gåver	9 000	0	0	7 000	16 000	16 000	13 933
11202	Kontigenter (Kopinor,)	47 000	0	0	0	47 000	40 000	22 443
11203	Arbeidstøy	0	6 000	5 000	0	11 000	11 000	2 760
11206	Servering	4 000	0	0	8000	12 000	12 000	19 970
11209	Andre driftsutgifter	10 000	5 000	5 000	5 000	25 000	25 000	7 492
11300	Post banktenester telefon (Novar)	30 000	4 000	2 000	2000	38 000	38 000	19 116
11400	Annonser, reklame, informasjon	14 500	2 000	2 000	40 000	58 500	46 000	51 234
11500	Kurs, møter m.m.	8 000	8 000	5 000	15 000	36 000	36 000	21 995
11505	Transportutg. etter rekning	5 000	2 000	3 000	10 000	20 000	20 000	6 332
11600	Kilometergodtgjersle	6 000	13 000	13 000	23 000	55 000	55 000	54 255
11700	Drift av egne transportmidler	0	0	9 000	0	9 000	9 000	3 286
11800	Energi, strøm	0	148 000	0	0	148000	145 000	143 228
11850	Forsikringer, vaktjenester	18 500	59 000	3 000	0	80 500	80 500	46 794
11900	Husleige Gol bedehus, Breidokkstugu	0	0	0	53 600	53600	53 600	50 952
11950	Avgifter, gebyrer, lisenser, (Tono, KA, data	28 000	17 000	0	0	45 000	42 000	65 141
12000	Inventar og utstyr (leie av lyd/lys)	5 000	50 000	50 000	0	105 000	105 000	122 456
12300	Vedlikehold	0	42 000	63 000	0	105000	105 000	127 390
12400	Serviceavtaler (securinet, eltek)	0	19 000	8 000	0	27000	27 000	20 911
12501	Orgel, drift	0	10 000	0	0	10000	10 000	2 900
12700	Konsulenttenester (revisjon)	15 000	7 500	7 500		30 000	30 000	12 410
12701	Gravehjelp	0	0	291 500	0	291 500	291 500	280 000
13000	Refusjon til staten/bispedømme	0	0	0	1 500	1 500	1 500	1 382
13400	Refusjon til andre fellesråd	0	0	0	0	0	0	35 633
13900	Kalkulatoriske utgifter komm. Tenesteytin	300 000	0	0	0	300 000	300 000	300 000
15209	Andel KLP	16 000				16 000	16 000	9 525
15700	Overføring til investeringsbudsjettet		0	0	0	0	0	
	Sum utgifter:	1 625 400	1 425 800	1 130 300	1 597 000	5 778 500	5 162 900	
	Sum inntekter:	-4 646 500	-35 000	-201 000	-896 000	-5 778 500	-5 162 900	
						0		